

Nordalen

Aust for Syvde ligg Nordalen, med anleggsveg som går opp til 531 m. Det gir kort veg til toppane, som reiser seg sør for flate dalar og mange fjellvatn. Her kan du fiske, traske på fjellryggar, og heilt aust kikar du langs skredfara rett ned i Dalsfjorden. Her er også overgangar mot Dansen seter, til Blæja og Blæjevassbu.

1.40 Kvanndalsegga og Myrkevasstinden

Myrkevasstinden er også kalla Blæjeskartinden. Det finst Myrkevatn både i Rovdefjella og sør for Nordalen. Denne tindene har namn etter sistnemnde. Vi tilrår ein rundtur via Kvanndalstinden og

ned Skoretehornet, du går langs fjellryggar på det meste av ruta, dermed er du sikra god utsikt. Jellryggen ser bratt ut frå parkeringsplassen i Kvanndalen, men er ikkje vanskeleg.

Frå 531 til 1131 m, akkurat 600 m stigning. Heile runda er **middels tung**, og 6 km, du treng 4 t.

Det er godt merka, tørr sti og ingen klyving langs egga opp til Kvanndalstinden. Også vidare til Myrkevasstinden er fjellryggen brei og utan vanskar, sjå bilde til høgre. Retur same vegen er trygt og kjapt.

Fjellryggen ned til Skoretehornet er bratt og litt luftig. Du finn truleg ingen sti ned til Sandfjelldalen og tilbake til Kvanndalsosen. Har du tid og overskot, kan rundturen forlengast over

Sandfjellegga og via Smådalane tilbake til start.

Myrkevatnet, 706 m, kan du nå på 1 time frå Kvanndalsvatnet, litt bakkar i starten før det vert nesten flatt innover Sandfjelldalen.

Kvanndalshornet, 963 m, er også kalla Stranda-tinden, kartnamnet Storefjelltinden er ukjent lokalt. Det ligg til rette for å komponere rundturer her; over Kvanndalstinden og Mannen eller halvvegs rundt Kvanndalsvatnet, og opp til Mannen. Startar du frå Sætrevatnet, får du sti berre inn til ein støyl, og det er bratt opp til skaret mot Keipedalen. Flott terreng vidare ned til Innselset, eller nordover til Tennja, 990 m.

Høgre: Ungdom på veg mot Myrkevasstinden.

